

## Veidekke asfalterte to bruer på ein og same dag.

06.06.2020



Døsmland Bru er klar for trafikk.

**På fredag i denne veka vart både Døsmland Bru og Eikebrua asfaltert. Fresing, planering og klargjering vart gjort i dagane etter 2. pinsedag. MESTA er entreprenøren. Sjølve asfalteringa var det Veidekke som stod for. Det meste av maskinarbeidet er utført av Haugland Maskin. Alt arbeid med forsterking, fundament og rekkverk/ føringskantar var i store trekk gjort for fleire veker sida. Kjølilig ver er årsaka til at asfalteringa vart utsett.**

Veidekke hadde med asfalten frå Bergen, i to lastebilar med hengarar og ein lastebil utan hengar. Kvar bil med hengar tek om lag 30 tonn. På Døsmland gjekk det med 31 tonn asfalt. På Eikebrua vert det brukt noko meir.

Døsmland Bru, eller Brubekkebrua som er det rette lokale namnet, var stengd i arbeidsperioden. Det var manuell trafikkdirigering på Eikebrua. Aarekol trafikkteneste hadde trafikkdirigeringa tysdag, onsdag og torsdag. Veidekke brukte Securitas til dette oppdraget.



[Veidekke stod for asfalteringa fredag i denne veka.](#)

I samtale med ein av trafikkdirigentane kjem det fram at ein har høve til å stengja vegen inntil 15 minutt. Stenging utover eit kvarter skal meldast, varslast og skiltast særskild.

Drift og vedlikehald av Eikebrua og Døssland Bru er eit fylkeskommunalt ansvar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal